



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3464 - 21/49107

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 233/113 Eide indre

Tiltak: Garasje med leilighet
Byggjestad: Gbnr: 233/113
Tiltakshavar: Bjarne Carl Holsen
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.04.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding og den ulempe dette har medført for dykk. Plan- og byggesaksavdelinga har diverre redusert kapasitet for tida.

Kommunen har ved gjennomgang av søknaden lagt til grunn at det omsøkte bygget er ein einebustad.

Planstatus

Eigedomen er omfattar av reguleringsplanen Ostereidet område B4 der området er avsett til byggeområde for bustadar. Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031, § 4.5, at reguleringsplanen gjeld, men at kommunedelplanen supplerar/endrar reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Reguleringsplanen har ikkje fastsett utnyttingsgrad. Utnyttingsgrad i kommunedelplanen er gitt ved 30 % bygd areal (BYA) og 400 m² bruksareal (BRA).

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utnyttingsgrada for tiltaket.
Ved utrekning av utnyttingsgrada for tiltaket må heile eigedomen sitt areal og bygningsmasse leggast til grunn.
2. Gesims- og planeringshøgda
Gesims- og planeringshøgda må gjevast opp. I dette tilfellet skal gesimshøgda reknast frå topp ark. Vi gjer merksam på at det ikkje kan godkjennast gesimshøgda som er høgare enn 8 meter utan at dette er nedfelt i plan, jf. pbl § 29-4.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjarne Carl Holsen

Ørnnova 39

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG